

Innhold

Dåp og konfirmasjon i særskilte situasjoner, veiledning	2
Bruk av ordningene.....	2
Særskilte situasjoner	2
Kirkerommet	3
Sang og musikk	3
Dåp og konfirmasjon i særskilte situasjonar, rettleiing.....	4
Bruk av ordningane.....	4
Særskilte situasjonar.....	4
Kyrkjerommet	5
Song og musikk	5

Dåp og konfirmasjon i særskilte situasjoner, veiledning

Bruk av ordningene

Dåp i særskilte situasjoner

I Den norske kirke skjer dåp som hovedregel i menighetens hovedgudstjeneste og etter Ordning for dåp i hovedgudstjenesten. Det finnes også en ordning for dåpsgudstjeneste (Ordning for dåp i egen gudstjeneste), samt ordning for nøddåp. Den norske kirke har også en ordning for hjemmedåp etter samisk tradisjon.

Ordningen for dåp i særskilte situasjoner brukes når ikke noen av disse ordningene er mulige eller aktuelle. Dette kan være situasjoner der dåpskandidaten eller foresatte ønsker dåp, men ikke har mulighet til å gjennomføre dåpen i en hovedgudstjeneste eller dåpsgudstjeneste.

Konfirmasjon i særskilte situasjoner

Som hovedregel brukes Ordning for konfirmasjonsgudstjeneste ved konfirmasjon.

Ikke alle konfirmanter har mulighet til å gjennomføre en ordinær konfirmasjonsgudstjeneste. Da kan Ordning for konfirmasjon i særskilte situasjoner benyttes.

Særskilte situasjoner

Ordningene som er utarbeidet til bruk i særskilte situasjoner skal bidra til verdighet i svært ulike sammenhenger. Til det trengs det et godt liturgisk skjønn.

Det er alltid viktig å møte den som skal døpes eller konfirmeres og deres familie med åpenhet og forståelse. Seremonien skal være forutsigbar og samtidig tilpasset den enkelte situasjon. Hva dette betyr vil variere.

Eksempler på tilpasninger kan være:

- Musikk: Dersom den som konfirmeres eller døpes er svært glad i musikk, kan musikken få god plass i seremonien. Hvor mye språk og tekst det er i sangene kan variere. Lydsensitivitet kan gjøre at sang og musikk må begrenses.
- Tid: Noen ganger kan helsesituasjoner og/eller dagsform kreve at en seremoni gjennomføres på kort tid, slik at de som ønsker det kan delta.
- Bevegelse i rommet: For noen er det ikke mulig å bevege seg til de stedene liturgien vanligvis legger opp til. Dette må tas hensyn til i planleggingen og tilpasses lokalt (f.eks. med tanke på bevegelige elementer i kirkerommet som døpefont, kirkebenker, knelebenk etc.)

- Tegn og bilder: For de som har behov for at tale og stemme ledsages av tegn, kan tegnliturgien brukes. [Du finner Døvekirkenes tegnliturgi her](#). Mange er også kjent med Tegn til tale og en [ressurs knyttet til det finner du her](#).

Noen kandidater har behov for konkrete bilder. Det er da mulig å vise bilder av selve handlingen for å bidra til mestring og forståelse.

- Forkynnelse: Ordningene for dåp og konfirmasjon i særskilte situasjoner er sentrert omkring selve dåpshandlingen og konfirmasjonshandlingen. Prekenen eller talen skal være tilpasset situasjonen. Ofte kan det bety at den skal være kort, vise til felles erfaringer (dåpssamtalen, konfirmantsamlinger) og ha en konkret artefakt som evt. også gis til dåpskandidaten eller konfirmanten (gripekors, dåpsdue, Kristuskransen e.l.)

Det liturgiske, diakonale, pedagogiske og pastorale skjønnet er avgjørende i alle slike tilpasninger.

Kirkerommet

Både dåp og konfirmasjon i særskilte situasjoner er en mindre og mer intim sammenheng enn hovedgudstjenesten eller konfirmasjonsgudstjenesten. Det vil være viktig å legge til rette for at seremonien kan være verdig, nær og høytidelig på samme tid.

I mange kirker vil det være aktuelt å flytte rundt på stoler og lage rom som gir fokus til det som skjer. Noen kirker har sidekapeller eller andre områder som rammer inn mindre seremonier på en god måte.

Dåp og konfirmasjon er kirkens og menighetens ritualer og hører i utgangspunktet hjemme i kirkerommet. I helt spesielle tilfeller vil det likevel være nødvendig å f.eks. gjennomføre dåpen eller konfirmasjonen andre steder, som hjemme eller på institusjon.

Sang og musikk

Det musikalske uttrykket i en seremoni kan skape både gjenkjennelse og avstand, og det er svært viktig å tilpasse dette til den aktuelle situasjonen. Hva kan passe og hva kan la seg gjennomføre, f.eks. ved ulik kognitiv funksjon, lydsensitivitet og musikkinteresse?

Ordningene for dåp og konfirmasjon i særskilte situasjoner kan i noen tilfeller gjennomføres uten fellessang. Det er samtidig mulighet for å både ha fellessang ved seremoniens start og avslutning, og det er mulig å legge til flere salmer og/eller musikkslag som f.eks. solosang. Dette gjør ordningene fleksible. Det er avgjørende med god dialog både med dåpskandidaten/konfirmanten og mellom liturg og musiker for å legge til rette en god seremoni i den enkelte situasjon.

Dåp og konfirmasjon i særskilde situasjonar, rettleiing

Bruk av ordningane

Dåp i særskilde situasjonar

I Den norske kyrkja skjer dåp som hovudregel i kyrkjelyden si hovudgudsteneste og etter Ordning for dåp i hovudgudstenesta. Det finst og ei ordning for dåpsgudsteneste (Ordning for dåp i eiga gudsteneste), samt ordning for naudåp. Den norske kyrkja har og ei ordning for heimedåp etter samisk tradisjon.

Ordninga for dåp i særskilde situasjonar vert brukt når ingen av desse ordningane er mogelege eller aktuelle. Dette kan vere situasjonar der dåpskandidaten eller føresette ønskjer dåp, men ikkje kan gjennomføre dåpen i ei hovudgudsteneste eller dåpsgudsteneste.

Konfirmasjon i særskilde situasjonar

Som hovudregel blir Ordning for konfirmasjonsgudsteneste brukt ved konfirmasjon. Ikkje alle konfirmantar kan gjennomføre ei ordinær konfirmasjonsgudsteneste. Då kan Ordning for konfirmasjon i særskilde situasjonar nyttast.

Særskilde situasjonar

Ordningane som er laga for særskilde situasjonar skal gje trygge og verdige rammer for dåp og konfirmasjon i svært ulike samanhengar. Til dette trengst godt liturgisk skjønn.

Det er alltid viktig å møte dei som skal bli døypt eller konfirmert og deira familie med openheit og forståing. Seremonien skal vere føreseieleg og samtidig tilpassa den einskilde situasjonen. Det vil variere kva dette inneber.

Døme på tilpassingar kan vere:

- **Musikk:** Om den som skal konfirmerast eller døypast er svært glad i musikk, kan musikken få god plass i seremonien. Kor mykje språk og tekst det er i songane kan variere. Lydsensitivitet kan gjere at song og musikk må avgrensast.
- **Tid:** Nokre gonger kan helsesituasjonar og/eller dagsform krevje at ein seremoni vert gjennomført på kort tid, slik at dei som ønskjer kan ta del i han.
- **Rørsle i rommet:** For nokre er det ikkje mogeleg å kome til på dei stadene liturgien legg opp til. Dette må det takast omsyn til i planlegginga og tilpassast lokalt (t.d. med tanke på element i kyrkjerommet som kan flyttast, til dømes døypefont, kyrkjebenker, knelebenk etc.)

- **Teikn og bilete:** For dei som treng at tale og stemme vert følgde av teikn, kan ein bruke teiknliturgien. [Du finn Døvekyrkja sin teikliturgi her](#). Mange er og kjende med Teikn til tale og ein [ressurs med Teikn til tale finn du her](#).

Nokre treng konkrete bilete. Ein kan vise bilete av skjølve handlinga for å hjelpe dei som treng det til meistring og forståing.

- **Forkynning:** Ordningane for dåp og konfirmasjon i særskilde situasjonar er sentrerte omkring sjølve dåpshandlinga og konfirmasjonshandlinga. Preika eller talen skal vere tilpassa situasjonen. Ofte kan ho vere kort, vise til felles erfaringar (dåpssamtalen, konfirmantsamlingar) og ha ein konkret artefakt som evt. også vert gitt til dåpskandidaten eller konfirmanten (gripekross, dåpsdue, Kristuskransen e.l.)

Det liturgiske, diakonale, pedagogiske og pastorale skjønnet er avgjerande i alle slike tilpassingar.

Kyrkjerommet

Både dåp og konfirmasjon i særskilde situasjonar skjer i ein mindre og meir intim samanheng enn hovudgudstenesta eller konfirmasjonsgudstenesta. Det vil vere viktig å leggje til rette for at seremonien kan verte verdig, nær og høgtideleg på same tid.

I mange kyrkjer vil det vere aktuelt å flytte rundt på stolar og lage rom som gir fokus til det som skjer. Nokre kyrkjer har sidekapell eller andre område som rammar inn mindre seremoniarr på ein god måte.

Dåp og konfirmasjon er kyrkjas og kyrkjelyden sine ritual og høyrer i utgangspunktet heime i kyrkjerommet. I heilt spesielle tilfelle vil det likevel vere nødvendig å gjennomføre dåpen eller konfirmasjonen andre stader, som t.d. heime eller på institusjon.

Song og musikk

Det musikalske uttrykket i ein seremoni kan skape både gjenkjenning og avstand, og det er viktig å tilpasse dette til den aktuelle situasjonen. Kva kan passe og kva kan la seg gjennomføre, t.d. ved ulik kognitiv funksjon, lydsensitivitet og musikkinteresse?

Ordningane for dåp og konfirmasjon i særskilde situasjonar kan i nokre tilfelle bli gjennomført utan felle song. Samstundes er det i andre situasjonar mogeleg å ha felle song ved byrjinga og avslutninga av seremonien, og det er mogeleg å leggje til fleire salmar og/eller musikkinnslag som t.d. solosong. Dette gjer ordningane fleksible. Det er avgjerande med god dialog både mellom litrug og dåpskandidaten/konfirmanten og mellom liturg og muskar for å leggje til rette for ein god seremoni i kvar enkelt situasjon.